

HYLDNINGSSONG TIL NORSKE AVLØYSARAR

Tekst av Odd Sæheim. Songen er skriva som ein hyldest til norske avløysarar og urframført ved heidring av "Årets avløysar" på årsmøtet i NAM i Bodø 24.3.2001.

Melodi: Kjærligheitsvisa

Ja denne visa handler om eit yrke,
den handler og om bondens ve og vel.
Med ferie skal bonden få att styrke,
når kvardagen gjer krav på arbeidshand.
Da er det godt at vi har menn og kvinner,
som stiller opp og gjer den jobb som trengs.
Ingen er så god som dei da, ingen er så god som dei.



Når sola den står opp og det er morgon,
da er det tid å koma seg på jobb.
For bonden han har fri til neste måndag,
men fjøs må gjerast, inga bønn for det.
Da er det at EG trår til med min kunnskap,
og tar dei tak som ellers og må til.
Ingen er så god som eg da, ingen er så god som eg.

Ein avløysar med kjærligheit til yrket,
han gjer ein jobb som det står respekt av.
Med ansvaret for ku og gris og geiter,
når eg i "syden" ligg og dormer av.
Han får nok mange lange arbeidsdagar,
men synest jobben gir han mye godt.
Ingen er så god som den da, ingen er så god som den.



Det stilles krav til jobben som skal gjerast,
at det blir pussa, strigla og gjort reint.
At KSL og anna "reglemanger",
blir etterfulgt slik bonden det vil ha.
Vi har ein "stall" som gjer sitt aller beste,
som står på seint og tidleg med sin flid.
Ingen er så god som dei da, ingen er så god som dei.

No vil vi heidre denne mann og kvinne,
som jobber jamt og trutt for bondens "ve".
Som tenker posetivt om landbruksyrket,
og stiller opp når bonden og blir sjuk.
At krava som er sett er veldig strenge,
for kvalitet skal gjelde dagen lang.
"Heidre denne mann og kvinne,
eit trefoldig hipp hipp hipp hurra!" ("repeter")

